



Os vgs.
Vestland fylkeskommune





Velkommen til Os vidaregåande skule!

Os vidaregåande skule blei starta hausten 1981. Skulen vår ligg idyllisk og samtidig sentralt til ved Ulenvatnet i Bjørnafjorden kommune. Skulen veks seg større frå år til år og har no om lag 500 elevar fordelt på over 30 klassar.

Vi kan tilby følgjande utdanningsprogram:

- bygg- og anleggsteknikk
- elektrofag
- helse- og oppvekstfag
- sal, service og reiseliv
- teknologi og industrifag

I tillegg tilbyr vi allmennfagleg påbygging, samt opplæring og arbeidstrening for tilrettelagte grupper.

Nokre av utdanningsprogramma våre er landslinjer som tek imot elevar frå heile Noreg.

GJØR ET SELVSTENDIG VALG OG SATS PÅ ANLEGGSBRANSJEN - ET GODT OG FRAMTIDSRETTET YRKESVALG



Hva skal OKAB gjøre?

- Være en ressurs for medlemsbedriftene på området fagopplæring
- Bistå medlemsbedriftene i gjennomføringen av lærlingenes læretid
- Øke bedriftenes tilgang på kvalisert arbeidskraft gjennom rekrutteringsarbeid
- Være med å utdanne ungdom til dyktige fagarbeidere innen anleggsbransjen
- Bidra til å øke fagenes kompetanse og renommé



MASKIN-
ENTREPRENØRENES
FORBUND

www.mef.no



OPPLÆRINGSKONTORET
FOR ANLEGG-
OG BERGFAGENE

www.okab.no



God helse gir
betre læring!

Vi tilbyr framtidsretta utdanning



Målet vårt er å bidra til å utvikle framtidas fagarbeidaran! Vi tilbyr derfor praksisretta undervisning i nært samarbeid med dei aktuelle næringane. Undervisninga skal vere framtidsretta og er utforma med relevans for det aktuelle faget. Vi har rom og utstyr av god kvalitet som møter krava i yrkeslivet.

Vi byggjer gode relasjonar

Dei tilsette ved skulen legg vekt på å byggje gode relasjonar til elevane. Når elevane får erfaring med gode relasjonar, kommunikasjon og samhandling, har dei eit godt utgangspunkt for å kunne omstille seg og samarbeide med andre i yrkeslivet. Skulen vil møte elevane med respekt, fleksibilitet og ei positiv innstilling. Vi vil bidra til at kvar elev får tileigna seg relevant fagkunnskap ut i frå eigne føresetnader. Slik er vi med på å skape gode medborgarar.

Vi fremjar god helse

Vi ønskjer å sikre elevane våre ei god helse og dermed gi dei eit grunnlag for eit langt og godt yrkesliv i Noreg. God helse gir betre læring!





[Se video](#)



[Se video](#)

Gaassand Anleggsservice AS

Reparasjon, salg og utleie av utstyr
for anleggsbransjen

Kolskogheiane 4, 5210 Os • E-post: gaass-as@online.no
Tlf. 975 11 645

Vogn teknikk

Tlf. 55 52 31 00 • Kokstadflaten 32, 5257 Kokstad • post@vogn teknikk.no

PALFINGER



Bygg- og anleggsteknikk

Har du praktisk sans, er du nøyaktig og har godt handlag? Kan du jobbe sjølvstendig, men også i team? Da kan Bygg- og anleggsteknikk vere noko for deg.



Se video

I dette utdanningsprogrammet lærer du om produksjon, oppføring, ombygging og vedlikehold av bygningar og anlegg med tilhøyrande tekniske installasjoner. Vi stiller strenge krav til kvalitet og tryggleik. Vi arbeider mykje praktisk og tar på oss verkelege oppdrag frå til dømes idrettslag og organisasjonar, men vi konkurrerer ikkje i marknaden. Du får relevant praksis og dokumentert opplæring, noko som gjer deg ettertraka på arbeidsmarknaden. Mange får lærlingplass før dei er ferdige med skulen.

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk gir deg kompetanse til å søkje vidare på ei rekkje Vg2-kurs. Dersom du ønskjer å satse vidare innanfor faget, har skulen tilbod om Vg2 Anleggsteknikk og Vg2 Byggeteknikk. Etter Vg2 kan du gå ut i lære eller ta Allmennfagleg påbyggingskurs.

Vg2 Anleggsteknikk

Vg 2 Anleggsteknikk er ei landslinje og ønskjer søkerar frå heile landet velkomne. Mange elevar vel skulen vår fordi vi har mykje bra utstyr. Vi har ein oppdatert og moderne maskinpark. Til saman har skulen 63 køyretøy.

På Vg 2 Anleggsteknikk lærer du om bygging og vedlikehald av landets infrastruktur, som vegar, banar, flyplassar, kaianlegg og bygningar med tilhøyrande tekniske installasjoner.

Vg2 Tømrar

I tømrarfaget lærer du om bygging av nye trebygningar og andre trekonstruksjonar, samt om vedlikehald og bevaring av eksisterande bygningar. Vg2 Tømrar gir moglegheit til lærlingplass innanfor tømrarfaget. Det gir også eit godt grunnlag for vidareutdanning til andre oppgåver som bygger på kompetansen i faget.



Elektrofag

8

Vil du bli elektrikar, energimontør, signalmontør, automatikar, serviceelektronikar eller flymekanikar? Da er Elektrofag ved Os vidaregåande skule det første steget.



Vg1 Elektro og datateknologi

Vg1 Elektro og datateknologi kan bli starten på ein spennande og allsidig yrkeskarriere. Dette er første steget mot eit fagbrev. Undervisninga på Vg1 er ein kombinasjon av teori og praktiske øvingar.

Etter Vg1 Elektro og datateknologi kan du på Os vgs søkje deg vidare til Vg2 Energi og ekonomi.

Vg2 Energi og ekonomi

Vg2 Energi og ekonomi byggjer på Vg1 Elektrofag. Dette kurset dannar grunnlag for å ta fagbrev innanfor følgjande fag:

- elektrikarfaget
- elektroreparatørfaget
- energimontørfaget
- energioperatørfaget
- heismontørfaget
- signalmontørfaget

Vi legg vekt på å kombinere teori med praktiske øvingar. Slik får du teoretisk kunnskap om faget samtidig som du tileigner deg praktiske ferdigheter innanfor dei ulike fagområda. I løpet av skuleåret vil du bli utplassert i bedrift.

Etter Vg2 må du arbeide som lærling i to og eit halvt år før du kan ta fagbrev.




Rodin Fossdal AS er en salgs- og servicebedrift rettet mot Autoverksteder og industribedrifter.

Etter 30 år i bransjen, har vi etablert seg som spesialist og pålitelig leverandør av utstyr til en lang rekke kunder innen industri og autobransjen.

Herunder spesialistkompetanse på trykkluftsystemer, oljesystemer, løfteutstyr, sveiseutstyr og andre HMS-relaterte systemer.

Vi har vært godkjent lærebudrift siden 2008 og ansetter og lærer opp egne serviceteknikere rett fra videregående. Vi leverer akkreditert kalibrering etter ISO 17025 og er kvalitetssikret av Achilles JQS og Sellihca. Vårt mål er å være foretrukket partner for verkstedtjenester i Hordaland og Sogn og Fjordane.





Helse- og oppvekstfag

Likar du å gjere ein innsats for å hjelpe andre menneske? Då kan Helse- og oppvekstfag vere eit godt val for deg. Undervisninga er nært knytt til praksis og legg eit godt grunnlag for arbeid innanfor område med stort behov for kvalifisert arbeidskraft i framtida.

Studieretninga gir god kunnskap om korleis ein kan støtte og hjelpe menneske i alle fasar av livet. Gjennom ei praktisk tilnærming vil du få kunnskap om ulike helse- og oppvekstfaglege oppgåver.

Vg1 Helse- og oppvekstfag

På Vg1 Helse- og oppvekstfag får du ei grunnleggjande innføring i dei ulike faga knytt til helse og oppvekst. Det gir deg eit godt utgangspunkt for å velje kva retning du ønskjer å fordjupe deg i vidare.

Gjennom praksis vil du få erfaring frå ulike fagretninigar. Vi har eit godt samarbeid med offentlege aktørar som Bjørnafjorden kommune, Bergen kommune, Helse Bergen, Helse Fonna og kommunale avlastningstiltak, samt ulike private aktørar som barnehagar, skular og firma som tilbyr ulike helsetenester.

Etter gjennomført Vg1 Helse- og oppvekstfag, kan du velje vidare fordjuping i eitt av desse fagområda:

- ambulansefag
- helsefag
- barne- og ungdomsarbeidarfag.

Vg2 Ambulansefag

Dersom du ønskjer deg eit spennande yrke der ingen dagar er like og tempoet ofte er høgt, kan Vg2 Ambulansefag vere eit godt val for deg. Vg2 Ambulansefag vil gi deg kompetanse til å arbeide i ambulansetenesta.

Ambulansefaget legg grunnlag for yrkesutøving innan akuttmedisinsk behandling og transport av pasientar. Ambulansetenesta er rekna som ein del av spesialist-helsetenesta og skal fungere som eit bindeledd mellom primærhelsetenesta og sjukehuset. Du vil få inngående kunnskap om blant anna livreddande førstehjelp, sjukdomslære og medikamenthandtering.

Gjennom året vil du ha praksis i ulike delar av helsetenesta. Du vil kunne kvalifisere deg til lærepllass i ambulansetenesta, og du vil kunne ta påbygg til generell



studiekompetanse. Vi har eit tett samarbeid med helseføretaka i regionen, men du kan søkje lærepllass i ambulansetenesta over heile landet.

Vg2 Helsefag

Kan du tenkje deg eit omsorgsyrke der du kan utgjere ein stor skilnad for andre menneske, kan Vg2 Helsefag vere eit godt alternativ for deg.

Ein helsefagarbeidar gir omsorg og utfører grunnleggjande sjukepleie til menneske i alle aldrar. Du vil gjennom året få kunnskap om heilskapleg omsorg, ernæring, grunnleggjande sjukepleie og miljørarbeid.

Du vil i periodar ha praksis i ulike delar av helsetenesta, for eksempel på sjukehus, i sjukeheim, i heimesjukpleie, i psykiatri eller i rusomsorg. Du vil møte sårbare menneske som treng omsorg og pleie på grunn av sjukdom eller nedsett funksjonsevne.

Etter Vg2 Helsefag kan du søkje lærepllass i ulike delar av helsesektoren og søkje påbygg til generell studiekompetanse.

Vg2 Barne- og ungdomsarbeidar

Likar du arbeid med barn og unge, kan Barne- og ungdomsarbeidarfag vere eit godt val.

Gjennom undervisning og periodisk utplassering i praksis, vil du få eit godt kunnskapsgrunnlag for arbeid med barn og unge. Som barne- og ungdomsarbeidar legg du til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge gjennom pedagogisk arbeid. Du vil planlegge, gjennomføre og evaluere pedagogiske tilbod ut i frå barn og unges føresetnader. Aktivitetar kan vere til dømes leik, drama, musikk, fysisk fostring, utforskning, læring og kunst og handverk.

Gjennom praksisnær undervisning vil du få kunnskap om korleis du kan fremje fysisk og psykisk helse hos barn og unge. Du vil lære korleis du kan vere ein god rollemodell som stimulerer til utvikling av kommunikasjon, sosial kompetanse og livsmeistring.

Etter fullført Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag kan du søkje lærepllass i ulike delar av oppvekstsektoren, og du kan søkje påbygg til generell studiekompetanse.

Skal du ta lappen?




Bjoarvik
trafikkskole

Telefon
56301270
www.bjoarvik.no

Sal, service og reiseliv

Likar du å jobbe med menneske? Kan du tenkje deg ei framtid innanfor sal, reiseliv eller hotell? Ønskjer du jobberfaring frå utlandet? Da kan Sal, service og reiseliv vere noko for deg.

Vg1 Sal, service og reiseliv

Vg1 Sal, service og reiseliv gir deg eit godt utgangspunkt for å jobbe i fleire yrke der kommunikasjon og kundebehandling er viktig. Utdanninga tar sikt på å gi deg ein spennande jobb i Noreg eller utlandet innan kort tid. Du vil få kunnskap og kompetanse som du treng for å lukkast i ein internasjonal bransje som stadig er i endring. Det er viktig at du utviklar evna til å kommunisere med menneske med ulike språk og frå ulike kulturar.

På Sal, service og reiseliv tenker vi ikkje berre nasjonalt, men også internasjonalt. Derfor tilbyr vi kvart år arbeidspraksis i Spania til fleire av elevane våre.

Vg2 Sal og reiseliv

På Sal og reiseliv har vi eit tett samarbeid med meir enn 30 lokale og regionale bedrifter, inkludert hotell, reisebyrå og reiselivsbedrifter. Vi har også eit tett samarbeid med store bedrifter innanfor daglegvare, klede og elektronikk. Du har gode sjansar til å sikre deg både praksis- og læreplass i løpet av kort tid. Gjennom erfaring frå ein eller fleire arbeidsplassar gjennom heile året, sikrar du deg gode mogleigheter til framtidig jobb i bedriftene.

Du vel sjølv kor du ønskjer å få arbeidserfaringa di. I løpet av året vil du jobbe individuelt med oppgåver, grupperbeid eller i spennande team. Skulen satsar også på Ungdomsbedrift (UB). Dette er ein arena der du og

medelelevane dine får utvikle ein idé, undersøke marknaden og til og med selje produktet med fortjeneste.

Det er eit veksande behov for arbeidskraft innanfor andre serviceyrke og sikkerheit rundt om i Vestland-regionen. Derfor håpar vi å kunne tilby Vg2 Service og sikkerheit etter 2021.

Vg3 Påbygg

Os vgs har to klasser Vg3 påbygging til generell studiekompetanse for yrkesfaglege utdanningsprogram. Påbygging til generell studiekompetanse Vg3 er ein annan veg til studiekompetanse enn det tradisjonelle 3-årige løpet på studieførebuande.

For å kunne begynne på påbygging til generell studiekompetanse, må du ha gjennomført Vg1 og Vg2 på yrkesfagleg studieretning. Du velger sjølv om du vil ta fagbrev først og deretter gå påbygging til generell studiekompetanse og få studiekompetanse.

Når du har fullført påbygging til generell studiekompetanse kan du søkje høgskular, universitet eller yrkesutdanning med fagbrev. Næringslivet og det offentlege etterspør i stor grad ungdommar som både har praktisk og teoretisk utdanning og erfaring.

Påbyggklassane ved Os vgs. består av elevar som kjem mange ulike yrkesfaglege linjer, som t.d. byggfag, elektro, sal og reiseliv, helsearbeidar og barne- og ungdomsarbeidar.



VOLVO MASKIN SERVICE

Vi vil ha med de beste på laget og satser derfor på LÆRLINGER



Volvo Maskin Service er en av Norges største serviceorganisasjoner.

Vi har over 500 ansatte, hvorav ca. 280 mekanikere fordelt på 21 serviceverksted og over 210 servicebiler i hele landet.

Vi søker nå læringer fra sommer/høst 2020.
Kontakt din lokale Volvo Maskin Service for mer informasjon.

Volvo Maskin Service Hordaland
Avdeling Bergen - Espehaugen 27, 5258 Blomsterdalen
Avdeling Voss/Sogn & Fjordane - Dalsmoen 37, 5709 Voss





Teknologi og industrifag

Ønskjer du å arbeide med teknikk, maskiner og køyretøy? Da kan teknologi og industri-fag være noko for deg. Med fagutdanning innanfor teknologi og industrifag vil du få ei god og solid utdanning som er etterspurt i fleire bransjar.



Vg1 Teknologi og industrifag

På Vg1 Teknologi og industrifag får du innføring i emne som data, teikning, elektro, hydraulikk, pneumatikk, montering og programmering, samanføyningar og bruk av maskiner. Etter Vg1 kan du velje mellom følgjande Vg2-kurs:

- anleggsteknikk
- arbeidsmaskiner
- køyretøy
- transport og logistikk

Vg2 Køyretøy

Er du interessert i å mekke på bil, drive med elektronikk og digital feilsøking, er dette noko for deg.

Det vil skje mykje spennande i bilbransjen i framtida. Store deler av bilparken består av elbilar og hybridbilar, og denne utviklinga vil fortsette i stort tempo. Det vil derfor vere behov for dyktige fagarbeidrarar. Du vil få opplæring på skulen av dyktige lærarar og bli utplassert i bedrift.

Når du er ferdig med Vg2 Køyretøy må du gå to år i lære før du kan ta fagbrev.

Vg2 Arbeidsmaskinar

På Vg2 Arbeidsmaskinar tek du desse programfaga:

- Feilsøking og reparasjon
- Dokumentasjon og kvalitet

I løpet av skuleåret vil du bli utplassert i bedrift. Etter Vg2 Arbeidsmaskinar kan du gå vidare til Vg3 anleggsmaskinmekanikar eller gå ut i lære som landbruksmekanikar og truck- og liftmekaniker.

Vg3 Anleggsmaskinmekanikar

Vg3 Anleggsmaskinmekanikar er ei landslinje og tek imot elevar frå heile landet. Her reparerer vi dei store anleggsmaskinene vi har på skulen, og det meste av tida blir brukt i verkstaden. I løpet av skuleåret vil du bli utplassert i bedrift.

Etter Vg3 må du gå eitt år i lære før du tek fagbrev som anleggsmaskinmekanikar. Dette er eit svært ettertrakta og allsidig fagbrev.



15



Se video

Vg2 Transport og logistikk

Her får du ei utdanning som opnar mange dører innanfor transport og logistikk. Du får allsidig utdanning og brei kunnskap innan terminalarbeid, persontransport, godstransport, kran, kundebehandling og allmennfag.

Du kan få kompetansebevis på ADR (transport av farleg gods) og truckførarbevis. I tillegg vil du få praktisk oppplæring i godsbehandling på lager, førstehjelp og brannslokking, samt teorikurs klasse B. Du får 10.000 kr i støtte til obligatorisk oppplæring for førarkort klasse B (mot kvittering frå køyreskule).

Skulen har 6 truckar som vert nytta i praksisundervisninga, eigen lagerhall og stort uteområde.

I YFF (Yrkesfagleg fordjuping) frå haustferien til vinterferien er du utplassert to dagar i veka i ei relevant transport- og/eller logistikkbedrift. Utpasseringa gir deg eit nyttig innblikk i arbeidslivet og gode erfaringar å ta med vidare både i skullearbeidet og arbeidslivet.

Vg3 Yrkessjåfør (19 veker)

På Vg3 Yrkessjåfør får du gratis oppplæring til førarkort i tunge klassar til lastebil, buss og vogntog. Kurstilbodet er ei landslinje, og du kan søkje uansett kvar i Noreg du bur. Vi gir gratis oppplæring og du betaler berre for lærebøker og gebyr til Statens vegvesen.

Vi tilbyr komplett yrkessjåføroplæring. I tillegg til føraroplæring får du også opplæring i:

- yrkessjåførkompetanse i gods- og persontransport i samsvar med opplæringskrav i forskrift om grunnutdanning for yrkessjåførar (Yrkessjåførforskrifta)
- truckførarbevis for truck inntil 10 tonn
- grunnkurs ADR-kompetansebevis for vegtransport av farleg gods.

Det blir gjennomført to kurs i året.

- Kursstart: Medio januar og medio august
- Søknadsfristar: 1. desember og 1. juni

Tilleggskurs

Transportfagavdelinga kan i tillegg tilby følgjande kurs:

- truckførar
- kranførar (lastebil og hydraulisk kran G8-G20)
- stroppar og anhukar
- traverskran kurs

TOTALLEVERANDØR INNEN MATERIALHÅNDTERING



TA KONTAKT:
73 82 73 00

www.toyota-forklifts.no

TOYOTA

MATERIAL HANDLING



Os vgs. Vestland fylkeskommune

Os vidaregåande skule
Kolskogheiane 14
5210 Os

Tlf: 56 56 56 00



Søknadfrist
1. mars

